

# «Nye» Kriresenteret opna

FLORØ: Det er eit kriresenter med uavklarte, finansielle og strukturelle utfordringar framføre seg som onsdag feira det store, nybygde kriresenterhuset i Florø.

DAVID E. ANTONSEN  
david@firdaposten.no

– Eg skulle eigentleg ønske at vi ikkje trong eit kriresenter. Men slik verda er, er eg glad for at vi har det her i nærleiken. Eg er veldig oppteken av at vi tek vare på krisesentertilbodet i Florø.

Slik byrja ordførar Bente Frøyen Steindal talen sin, då ho offisielt opna det større tilbygget til Kriresenteret i Sogn og Fjordane.

## Har teke ti år

Det nye krisesentertilbygget i Florø er på 532 kvadratmeter, og fører dermed til at krisesentret no kan stille 12 rom til disposisjon. Bygget er i tillegg universelt utforma, og gjev dermed større rom for både mor og barn.

Men det har ikkje vore lett å få reist tilbygget. I alt har det teke ti år for å få plass finansieringa.

– Det som har gjort dette mogleg er private lag og organisasjonar, og private gåver. I alt har vi fått inn vel 1 million kroner i gåvemidlar. Det hadde ikkje vore mogleg å reist tilbygget utan desse eldsjelene, seier leiar i Kriresenteret, Wenche Hovland og legg til:

– Dette tilbygget er fantastisk, og utruleg viktig for bebuarane og dei som er innom på dagtilbodet, seier ho.

## Tøff økonomisk kvardag

Under opninga fekk Kriresenteret

## ■ Møter fleire utfordringar i tida som kjem



OPNA: Det nye krisesentertilbygget til Kriresenteret i Sogn og Fjordane vart offisielt opna av ordførar Bente Frøyen Steindal onsdag.

Foto: David E. Antonson

ret mykje takksemnd frå både tidlegare fornyings- og inkluderingsminister Heidi Grande Roys, tidlegare brukarar av sentret og frå ulike lag og organisasjonar.

Men etter opningsfesten er det attende til ein tøff kvardag med

finansielle og strukturelle utfordringar. For du må vere flink til å snu på kvar ei krone, for å drive eit krisesentertilbod utanfor det offentlege.

– Vi skulle gjerne brukt tida på viktigare ting enn å finne pengar, seier Hovland men avviser sam-

stundes signalet som har kommen om at Kriresenteret bør innunder det offentlege hjelpeapparatet.

– Vi samarbeider godt med kommunane, men ønskjer ikkje å bli kommunal. Vi skal halde fram med å vere eit nøytralt

og sjølvstendig apparat, seier ho.

Det gjer det heller ikkje betre for den finansielle situasjonen at Kommunenes Sentralforbund har redusert budsjettet til sentret frå 7,5 til 7,2 millionar kroner for 2011.

## – Vi kan skate kor som helst, så lenge vi har ein stad vi kan skate

FLORØ: Skaterane i Florø har endeleg fått tilbod om ein eigen plass. Etter åtte år på berr bakke, gjer det ingenting at denne plassen ligg på Sørstrand.

DAVID E. ANTONSEN  
david@firdaposten.no

– Vi kunne gjerne ha reist til Bergen for å skate. Så lenge det er ein plass i nærleiken er vi meir enn nøgd. Vi er ikkje avhengig av ein plass i sentrum, men ein plass der vi kan trene og ha det kjekt same kor det er, seier leiar i den nyskipa skateklubben Florø Skate (FSK8), Adrian Osmundsen.

For lenge har ikkje skaterane i Florø hatt andre samlingspunkt enn på Torget utanfor Haffan og mindre stader rundt i byen. Men FSK8 har no inngått ein avtale med Sørstrand Folkepark om eit anlegg med ei betongplate, halfpipe, curbs og kuler på Sørstrand. Anlegget skal stå klart i løpet av neste år, avhengig av om sponsorar stiller opp.

Jan Henrik Nygård i styret i Sørstrand Folkepark presiserer at



NØGD: Leiar Adrian Osmundsen i den nystartede Florø Skate, eller FSK8, er nøgd med at skaterane i Florø no har fått plass til skateanlegg på Sørstrand.

dei har sett av eit areal til skaterane, men at dei meiner at dei primært bør få ein plass i sentrum av Florø. Tilbodet på Sørstrand er først og fremst for å avhjelpe situasjonen på kort sikt.

– Vi vil i første omgang setje av

ca 100 m<sup>2</sup> i områdeplanen for Sørstrand som kjem på høyring i næraste framtid. Så må vi saman med skaterane sjå lva vi kan få til for å lage et ok tilbud fram til ei meir permanent bane er på plass.

sparebanken  
sogn og fjordane

Treng du pengar til ny bil? So bra!

Bur du på ein stad der du må ha bil? Det veit vi som driv bank mellom fjordar og fjell alt om. At du kjem til Sparebanken Sogn og Fjordane med bilplanane dine er berre So bra!

ssf.no

so bra